

**Nytt og trivelig
postkontor i Lavik**

Måndag kunne poststyrar Per Sverre Kvammen ønske kundane sine velkommen i heilt nye lokale i Lavik. Og lavikdølene møtte fram for å sjå på det nyinnreia postkontoret. Inne på postkontoret venta postsekretær Harald Ekrull med nytrekt kaffi og 'noko attåt'.

Den første kunden, Håkon Bilsbakke frå Lavikdal, fekk blomar av poststyraren. Dei som kom etter fekk både kaffi og ein hyggeleg prat. Dei 20 første kundane fekk også ei helsing frå Postsparebanken med eit gåvekort på 20 kroner.

Medan oppussingsarbeidet har gått føre seg, har Kvamme og hans medarbeiderare halde til i eit provisorisk siderrrom. 'Det er godt å kunne ta i bruk det nye lokalet, for det gamle var mørkt og trangt', seier poststyrar Kvammen til Sogn Dagblad. Det nye lokalet er på 105 kvadratmeter, så her får dei fem som arbeider ved Lavik postkontor god tumlelass. Ombygginga har kosta om lag 300.000 kroner.

Og dommen over det nye postlokalet var einsidig: lyst, romsleg og særslig trieveleg!




Landpostbod Alf Solheim var nøgd med det nye lokalet.



Håkon Bilsbakke, Lavikdal, var den første kunden på det nye postkontoret. Han fekk blomster av postverket, overrekt av poststyraren.



Praten gjekk livleg, og det var nok mange som gjorde turen innom «posten» lengre enn vanleg!



Det vart servert kaffi til kundane på opningsdagen. Fleire av dei faste kundane hadde med seg blomar til arbeidsstokken ved Lavik postkontor.

